



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for samferdsle
Møtestad	Mel Kraftverk, Vetlefjorden, Balestrand kommune
Møtedato	29.10.2014
Kl.	Kl 10:00 – 16:20

Faste medlemmer til stades:

Arnstein Menes Sp
Anders Ryssdal Sp
Helen Hjertaas Ap
Odd Atle Stegegjerdet Ap
Olin Johanne Henden H
Ole Gunnar Krakhellen H (forfall under handsaming av sak 48, 49, 52 og 53)
Norunn Lunde Furnes Krf

Forfall til møtet:

Björg Bergheim Sp
Frank Willy Djuvik Frp

Varamedlemmer til stades:

Tore Bråstad Sp
Det var ikkje kall inn vararepresentant for Frank Willy Djuvik Frp. Forfall var meldt møtedagen kl 06:55.

Til stades med møte- og talerett:

Velaug Veum

Sekretariat for møtet:

Oddveig Hove

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 23.09.2014 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Status på vegnettet v/Nils Magne Slinde

SAK 48/14 Møteplan for Hovudutval for samferdsle 2015

VEDTAK:

Onsdag 11. februar	
Onsdag 25. mars	
Tirsdag 12. og 13. mai	
Tirsdag 2. juni	Tertialrapport 1/2015
Tirsdag 29. september	Tertialrapport 2/2015, Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019
Onsdag 28. oktober	
Tirsdag 24. november	Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019

SAK 49/14 Ruteendringar frå 1.5.15

VEDTAK:

Desse innkomne ruteinnspela vert imøtekomne for perioden 01.05.2015 – 30.04.2016:

- 1.1 Tilbodet på Kviven må ikkje forsvinne heilt.
- 6 Oppretthalde dagens rutetilbod i Gloppen.
- 7 Ønskjeleg med så mange avgangar som mogeleg via Helse Førde sine institusjonar.
- 8.5 Samle rutetilbodet mellom Ålesund - Bergen over Stigedalen og Nordfjordeid i ein rutetabell.
- 9.1 Alle ruter på Sjukehusbussen skal stogge ved Nordfjord sjukehus.
- 15.2 Oppretthalde dagens ferjeruter mellom ytre Fjaler og Askvoll, Atløy og Værlandet. Ikkje legge ned Fure ferjekai.
- 17.5 Rute frå Hersvik til Hagelva DX67 kl. 17:15.
- 17.7 Rute frå Hagelva til Hersvik via Leknessund DX67 kl. 18:30.
- 17.12 Korrespondanse mellom ekspressbåt frå Flåm og ekspressbåt frå Bergen mot Selje i Rysjedalsvika kl. 18:40 søndagar i sommarperioden.
- 19.1 Vidareføre dagens rutetilbod mellom Førde og Florø.
- 19.2 Rute 8006, Førde - Florø - Førde, inn i produksjonsplan.
- 19.3 Vidareføre reduserte bybusstakstar i Førde og Florø
- 20.1 Skyve fram arbeidsrutene frå Svanøy og Askrova med 10 minutt. Skyve fram skulerutene frå Askrova og Svanøy med 10 minutt.
- 23.1 Ingen reduksjon i rutetilbodet i Hornindal.
- 23.3 Oppretthalde rutene gjennom Kviven.
- 23.4 Betre merking av busstopp i Grodås sentrum.
- 30 Mindre materiell på skulerute Nessane - Balestrand
- 40 Korresponderande tider ekspressbåt/lokalbåt Florabassenget dag 7 i sommarperioden.
- 52 Ruta frå Måløy kl 16:00 til Osmundsvåg bør ut av ruteheftet, og berre køyrast dersom det er elevbar frå Måløy vgs.

Desse ruteinnspela gjev ein samla auke i kostnadane på om lag 100 000 kroner.

Desse innkomne ruteinnspela vert ikkje imøtekomne:

- 1.2 Gjere grep i høve rabatt på fylkeskryssande honnørreiser.
- 1.3 Mindre ventetid på strekninga Hornindal - Stryn - Førde.
- 1.4 Mindre ventetid på strekninga Bergen - Førde - Stryn - Hornindal.

- 2 Korrespondanse mellom Sognebåten og båt til Nåra på Mjømna.
- 3.1 Nye båttruter frå Smørhamn ved eventuelt nedlegging av ekspressbåtar.
- 3.2 Korrespondanse mellom buss og Kystvegekspressen i Florø.
- 4 Fleire avgangar mellom Førde og Naustdal om sommaren.
- 5.1 Ny rute Lavik - Rysjedalsvika - Dale måndagar.
- 5.2 Ferjeavgang direkte frå Værlandet til Askvoll DX67 kl. 07:00.
- 8.1 Krav til materiell på strekninga Volda - Nordfjordeid.
- 8.2 Gjennomgåande køyrety på heile strekninga Sandane - Eid - Volda.
- 8.3 Korrespondansar i Volda med timeekspress.
- 8.4 Samanhengande ruter Måløy - Nordfjordeid - Volda over Stigedalen.
- 8.6 Gjenopprette kveldsavgang frå Volda til Nordfjordeid over Stigedalen.
- 9.2 Sjukehusbussen må ha stoppestad i Selje.
- 9.3 Sjukehusbussen må gå DX67 heile året.
- 10 Ruta frå Askvoll kl. 06:45 med retur frå Førde kl 08:35 gå også i sommarperioden.
- 11.1 Øyrane vgs sluttar kl. 11:30 onsdagar. Manglar skyss mot Sande/Vadheim/Høyanger og Naustedalen.
- 11.2 Mo vgs sluttar kl 11:30 onsdagar. Manglar buss til Førde innan rimelig tid.
- 12.1 Avgang frå Bergen kl. 16:20 søndagar på rute 23-531 i perioden 22.6 - 10.8.
- 12.2 Anløp Rysjedalsvika kl. 18:35 dersom passasjerar i perioden 22.6 - 10.8 på rute 23-531.
- 12.7 Anløp Sollibotn kl 10:05 laurdagar dersom passasjerar.
- 12.10 Anløp Lavik og Nordeide dersom passasjerar på rute 23-501 til/frå Flåm.
- 12.12 Anløp Rysjedalsvika kl. 18:35 dersom passasjerar på rute 23-501 frå Flåm kl. 15:30 DX67.
- 12.14 Anløp Lavik kl. 12:55 dersom passasjerar på rute 23-501 frå Sogndal kl. 10:40 dag 7.
- 13.1 Koordinere rutetider mellom Isane - Stårheim og Lote - Anda/Folkestad - Volda.
- 13.2 Lengre drifting av Isane - Stårheim ut over kvelden.
- 13.3 Auka frekvens og større ferje Oldeide - Måløy. Redusere talet på turar via Husevågøy.
- 13.4 Lengre drifting av Oldeide - Måløy ut over kvelden.
- 13.5 Anløp Leirgulen DX67 av sørgåande rute 23-531 frå Selje kl. 15:20.
- 13.6 Anløp Leirgulen DX67 av nordgåande rute 23-531 frå Bergen kl. 08:00.
- 13.7 Endre kystvegekspressen til ei arbeidsrute med ankomst Florø kl. 06:50.
- 13.8 Kystvegekspressen anløp Leirgulen på sørgåande rute om morgonen ved varsling.
- 13.9 Nye ruter mellom Florø og Smørhamn på ledige tider for fartya.
- 13.10 Lik takst på strekninga Villevika - Florø uavhengig av farty.
- 13.11 Arbeidsrute buss Kalvåg - Svelgen med retur om ettermiddag tilpassa ferjeruter Oldeide - Måløy.
- 14.1 Kunngjering av skuleruta Skei - Sogndal.
- 14.2 Betre tilpassing av skuleruter til/frå Årdal/Lærdal til Sogndal.
- 15.1 Arbeidsruter til Lutelandet frå Solund og Askvoll.
- 15.3 Nye ruter mellom Dale/Flekkje og Askvoll med korrespondanse til ekspressbåt.
- 15.4 Ekspressbåtstopp i ytre Fjaler.
- 16.1 Auka frekvens på strekninga Måløy - Oldeide.
- 16.2 Nye bussruter på strekninga Måløy - Svelgen - Florø/Førde. Legge til rette for dagpendling mellom Bremanger og Måløy vgs.
- 16.3 Oppretthalde kombiruta Leikanger - Ålesund.
- 16.4 Betre busstilbod mellom Selje og Måløy vgs.
- 16.5 Etablere bybuss mellom Raudeberg og Tennebø etter modell som vart søkt KID midlar.
- 16.6 Korresponderande kollektivtilbod frå Vågsøy til flyplassane på Anda og Ørsta.
- 17.3 Bestillingsrute frå Hagelv til Hersvik DX67 kl. 09:30.
- 17.6 Bestillingsrute frå Hagelva via Leknessund og Hersvik til Hagelva DX67 kl. 17:45.
- 17.8 Ny rute frå Hardbakke til Leknessund DX67 kl. 19:00.
- 17.9 Tilbod til vidaregåandeskule elevar i Nord Solund til ferje kl. 17:30
- 17.10 Endre avgang frå Haldorsneset til Daløy frå kl. 15:00 til kl. 15:20.
- 17.11 Tidlegare avgangar søndagar på sambandet Daløy - Haldorsneset.
- 18 Ny bussrute mellom Øvre Årdal og Seimsdalen.

- 20.2 Endre båttrutene og båttypen til Hovden og auke busstilbudet på øya i sommarhalvåret.
- 21.1 Oppretting av rute Selje - Måløy kl. 19:40 med korrespondanse til Oslo.
- 21.2 Foreldre betale 1000 kr i eigenandel for transport av born med kortare skuleveg enn 4 km.
- 22.1 Bussavgangar mellom Dale og Askvoll med korrespondanse til ekspressbåt.
- 22.2 Korrespondanse på bussavgangar mellom Askvoll - Dale og Dale - Førde og flyruter på Bringeland.
- 22.3 Avgang kl. 20:00 laurdag kveld på strekninga Askvoll - Værlandet.
- 22.4 Framskunde avgangen frå Askvoll til Værlandet til kl. 19:05.
- 22.5 Avgangen kl. 15:20 frå Askvoll til Værlandet greier ikkje alltid halde rutetida.
- 22.6 Seine ferjeavgangar frå Askvoll til Gjervik kl. 23:00, 24:00 og 0100.
- 22.7 Avgangen kl. 19:40 frå Askvoll til Fure gå via Gjervik.
- 22.8 Avgang frå Gjervik til Askvoll kl. 07:45.
- 22.9 Vanlege søndagsruter 1. juledag på Askvoll - Fure - Gjervik med første avgang kl. 06:45.
- 22.10 Endre avgang kl. 17:30 på sambandet Askvoll - Fure - Værlandet til kl. 17:35 med korrespondanse til ferja frå Gjervik.
- 22.11 Sein bussavgang mellom Askvoll og Dale.
- 22.12 Fleire bussavgangar som korresponderer med ekspressbåt frå Askvoll.
- 22.13 Fleire bussavgangar mellom Askvoll og Førde.
- 22.14 Ekstra ferjeavgang mellom Askvoll og Værlandet laurdagar.
- 23.2 Informasjon til elevane om kva skuleruter dei kan nytte før skulestart.
- 24 Buss frå Bremanger til Svelgen via Rugsund Kyrkje.
- 51 Opprette rute frå Oppedal kl. 14:35 til Måløy.

Desse innspela vert imøtekomne og gjev reduksjon i rutetilbudet:

- 25 Legge ned skulerute Follevåg - Askvoll - Follevåg.
- 26 Endre start av rute frå Holevik til Unneset. Innstille rutetilbud dag 3 skulefri.
- 27 Ikkje annonsere Ruta Grimelid - Stubseid.
- 28 Instille drosje frå Askvoll til Øyra/Hegranes.
- 29 Samkøyre ankomst og avgangstider for skulebussar i Holmedal.
- 31 Innstille avgangar Balestrand - Meel - Balestrand onsdagar.
- 32 Skuleruta frå Svelgen kl 14:30 bør kun gå til Sagebø. Ikkje kunngjere ruta.
- 33 Innstille skuleruta frå Sagebø kl. 07:20 til Botnane/Villevik.
- 34 Legge ned avgang kl. 08:00 frå Aspenes til Svelgen med retur frå Svelgen kl. 15:05 dag 5.
- 35 Legge ned avgangar til/frå Førde Inste på Bremangerlandet. Slette tabell 14-668 i ruteheftet.
- 37 Legge ned ruta Nordfjordeid-Remmedalen-Stårheim.
- 38 Innstille avgang frå Tømmerbakk kl. 08:15 med retur frå Dale kl. 14:35 skulefri dag 5.
- 39 Innstille avgang frå Steindal kl. 08:20 med retur frå Eikefjord kl. 13:00 skulefri dag 3.
- 41 Innstille avgang frå Førde kl. 10:30 til Grøneng dag 5.
- 42 Innstille avgang frå Sande kl. 09:35 til Førde med retur frå Førde kl 12:00 dag 4.
- 43 Innstille avgang frå Sande kl. 10:00 til Bygstad med retur frå Bygstad kl. 12:00 dag 5.
- 44 Innstille avgang frå Laukeland kl. 08:00 til Sande med retur frå Sande kl. 14:45 dag 2 og 4 skulefri.
- 45 Innstille avgang frå Mjell kl. 08:15 til Viken skulefri og avgang frå Viken kl. 08:50 til Førde med retur frå Førde kl. 12:30 dag 2 heile året.
- 46 Framskunde skulerute frå Solheim til kl. 08:00. Køyre via Eimhjellen og til Hyen kl. 08:55.
- 47 Starte skuleruta frå Sægrov kl. 07:55 til Vassenden kl. 08:45 på Myklebust kl. 08:10.
- 48 Starte skuleruta frå Sægrov kl. 07:00 til Førde frå Sægrov vegkryss.
- 49 Innstille avgang frå Bjordal skule kl. 0650 til Oppedal dag 1.
- 50 Innstille ruta Stryn -Hjelledalen.

Reduksjonane i rutetilbudet gjev ei samla innsparing på om lag 1,9 millionar kroner.

Desse innkomne ruteinnspela vert handsama administrativt i samband med ruteheftearbeidet 2015/2016:

- 12.3 Anløp Mjømna kl. 10:20 i staden for kl. 10:15 DX67 på rute 23-531.
- 12.4 Anløp Lygra kl. 10:55 i staden for kl. 10:50 DX67 på rute 23-531.
- 12.5 Anløp Sollibotn kl. 19:05 i staden for kl. 19:10 DX67 på rute 23-531.
- 12.6 Anløp Mjømna kl. 19:20 i staden for kl. 19:25 DX67 på rute 23-531
- 12.8 Anløp Mjømna kl. 10:20 i staden for kl. 10:15 laurdagar på rute 23-531.
- 12.9 Anløp Skjerjehamn dersom passasjerar i perioden 22.6 - 10.8 DX67 på rute 23-501 frå Bergen kl. 08:00 og 16:30.
- 12.11 Bestillingstur Skjerjehamn minimum 8 pass, dag 6 og 7 på rute 23-501.
- 12.13 Anløp Rysjedalsvika kl. 18:35 dag 6 og 7 på rute 23-501 frå Flåm kl. 15:30.
- 17.1 Starte ruta frå Leknessund kl. 07:55 i staden for Hersvik.
- 17.2 Rute frå Hardbakke til Leknessund DX67 kl. 08:40.
- 17.4 Køyre til Leknessund først på ruta frå Hardbakke kl. 14:25 skuledagar.
- 36 Endre avgang frå Isane til kl. 0840. Opprette korrespondanse med buss til Førde.

SAK 50/14 Budsjett 2015 - økonomiplan 2016-2019 - utgreiing av langsiktige innsparingar

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle ber om utgreiingar som syner konsekvensar og mogleg innretning av følgjande langsiktige budsjettreduksjonar innanfor samferdslesektoren:

Område	Utgreiingsramme i mill. kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	-73
Bilruter	-20
Båtruter	-15
Fylkesvegferjer	-10
Ungdomstilbod	-9
Tilrettelagt transport	-3
Sum	-130

2 Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til :

- generell drift
- vinterdrift
- beredskap

med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

3 Hovudutval for samferdsle ber om ei utgreiing som syner potensial for innsparingar ved vinterstenging av vegar og utsett opning/tidlegare stenging av vinterstengde vegar.

4 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor bilrutene:

- Bygderuter/tilførselsruter med få reisande
- Pendlarruter
- Regionale bussruter
- Fylkeskryssande ruter

- Terminalar/venterom
- Takstauke

5 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor båtrutene:

- Lokale båtruter
- Regionale båtruter
- Godsbåten til Gulen, Solund og Askvoll
- Endra materiell på ekspresbåtane til/frå Bergen
- Sognebåten/Spegelvendten
- Terminalar/venterom
- Takstauke

6 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ferjedrifta:

- Endring i frekvens
- Endring i opningstid
- Endring av takstsoner for å auke inntektene
- Terminalar/venterom

7 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ungdomstilboda:

- Ungdomskort
- Trygt heim for ein 50 lapp
- LTU – lokalt transport tilbod til ungdom

8 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor tilrettelagt transport:

- Serviceskyss
- TT - ordninga

9 Hovudutval for samferdsle legg målekartet i kap. 7 til grunn for samferdslebudsjettet i 2015.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til nytt punkt 10:

10. Hovudutval for samferdsle ber om ei oversikt over korleis fylkesbudsjettet ville sett ut på sektornivå, dersom fylkesbudsjettet hadde vorte sett opp ut frå kostnadsnøklane i inntektssystemet. Utvalet ber om at dette er klart til utvalet si handsaming av budsjett 2015.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Vi ynskjer ikkje utgreiing på tilrettelagd transport punkt 8

Høgre og Kristeleg Folkparti sette fram slikt framlegg:

Som tilrådinga, men endring i punkt 1 og stryke punkt . Tabellen vert endra slik:

Område	Utgreiingsramme i mill kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	- 75
Bilruter	- 21
Båtruter	- 15
Fylkesvegferjer	- 10
Ungdomstilbod	- 9
sum	- 130

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Som tilrådinga, men endring i punkt 1 og stryke punkt 7 og 8
Tabellen vert endra slik:

Område	Utgreiingsramme i mill kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	- 84
Bilruter	- 21
Båtruter	- 15
Fylkesvegferjer	- 10
sum	- 130

Avrøysting:

Det vart røysta samla over punkt 2 – 6 og punkt 9.

Desse punkta vart samrøystes vedtekne.

Punkt 7 i tilråding frå fylkesdirektøren fekk 6 røyster, Arnstein Menes, Anders Ryssdal, Tore Bråstad, Olin Johanne Henden, Ole Gunnar Krakhellen og Norunn Lunde Furnes, og vart vedteken. Odd Atle Stegegjerde og Helen Hjertaas røysta mot.

Punkt 8 i tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 3 røyster, Arnstein Menes, Anders Ryssdal og Tore Bråstad, og fall.

Olin Johanne Henden, Ole Gunnar Krakhellen, Norunn Lunde Furnes, Helen Hjertaas og Atle Stegegjerde røysta mot.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 3 røyster, Arnstein Menes, Anders Ryssdal og Tore Bråstad, og fall

Olin Johanne Henden, Ole Gunnar Krakhellen, Norunn Lunde Furnes, Helen Hjertaas og Atle Stegegjerde røysta mot.

Nytt punkt 1 i framlegget frå Høgre og Kristeleg Folkeparti vart vedteke med 5 røyster, Olin Johanne Henden, Ole Gunnar Krakhellen, Norunn Lunde Furnes, Helen Hjertaas og Atle Stegegjerde.

Arnstein Menes, Anders Ryssdal og Tore Bråstad, røysta mot.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1 Hovudutval for samferdsle ber om utgreiingar som syner konsekvensar og mogleg innretning av følgjande langsiktige budsjettreduksjonar innanfor samferdslesektoren:

Område	Utgreiingsramme i mill kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	- 75
Bilruter	- 21
Båtruter	- 15
Fylkesvegferjer	- 10
Ungdomstilbod	- 9
sum	- 130

2 Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til :

- generell drift
- vinterdrift
- beredskap

med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

3 Hovudutval for samferdsle ber om ei utgreiing som syner potensial for innsparingar ved vinterstenging av vegar og utsett opning/tidlegare stenging av vinterstengde vegar.

4 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor bilrutene:

- Bygderuter/tilførselsruter med få reisande
- Pendlarruter
- Regionale bussruter
- Fylkeskryssande ruter
- Terminalar/venterom
- Takstauke

5 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor båtrutene:

- Lokale båtruter
- Regionale båtruter
- Godsbåten til Gulen, Solund og Askvoll
- Endra materiell på ekspressbåtane til/frå Bergen
- Sognebåten/Spegelvendten
- Terminalar/venterom
- Takstauke

6 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ferjedrifta:

- Endring i frekvens
- Endring i opningstid
- Endring av takstsoner for å auke inntektene
- Terminalar/venterom

7 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ungdomstilboda:

- Ungdomskort
- Trygt heim for ein 50 lapp
- LTU – lokalt transport tilbod til ungdom

8 Hovudutval for samferdsle legg målekartet i kap. 7 til grunn for samferdslebudsjettet i 2015.

9. Hovudutval for samferdsle ber om ei oversikt over korleis fylkesbudsjettet ville sett ut på sektornivå, dersom fylkesbudsjettet hadde vorte sett opp ut frå kostnadsnøklane i inntektssystemet. Utvalet ber om at dette er klart til utvalet si handsaming av budsjett 2015.

**SAK 51/14 Høyring - Anbod på regionale ruteflygingar i Sør-Norge
frå 1. april 2016**

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Ei kommersialisering av flyrutene i Sogn og Fjordane vil truleg medføre eit dårlegare flytilbod med færre avgangar og høgare billettprisar. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil difor ikkje tilrå ei kommersialisering av rutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen/Oslo.

2. Fylkesutvalet tilrår at departementet gjev pålegg om forplikting til offentleg tenesteyting (FOT) og kjøper flyrutetenester etter anbodskonkurranse på alle ruter mellom Sogn og Fjordane og Oslo/Bergen med minst same krav til setekapasitet, frekvens, flystørrelse og ruteføring som i dag.
3. Fylkesutvalet kan ikkje akseptere at rutene mellom Førde og Bergen vert lagde ned og ber dessutan om at Samferdsledepartementet vurderer ei rute frå Bergen til Sogndal og Førde på ettermiddag mellom kl. 16:00 og 17:00.
4. Setekapasiteten på morgonrutene til Oslo og ettermiddagsrutene frå Oslo må styrkast.
5. Fylkesutvalet meiner maksimaltaksten på FOT-rutene er høg nok som den er i dag og bør ikkje aukast ut over dagens nivå.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slik framlegg til endring:

Innleiing:

Fylkesutvalet vil understreke at det er viktig å finne løysingar for anboda som gjer at fleire passasjerar ønskjer å nytte fly for transport til og frå fylket. Vi kan derfor ikkje stille oss bak ønsket som kjem fram i rapporten om at tal passasjerar skal reduserast. Vårt mål er at vi fortsatt skal ha eit aktuelt og attraktivt tilbod på rutenettet på alle våre fire flyplassar: Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Flyplassane er livsnerven for vårt grisgrendte fylke, og samfunnsnyttan må også reknast inn i framtidige rapportar om struktur på flyplassar.

Nytt punkt 3:

Punkt 3: Sogndal, Sandane og Førde (føye til Sandane)

Punkt 4, nytt tillegg

For å få dette til er det ønskjeleg med fleire direkteruter Sogndal/Sandane og Oslo morgon og ettermiddag/kveld, som då kan gjere at ein får nattstasjonert fly i Sogndal også.

Punkt 5:

Maksimaltaksten for FOT-rutene er for høg, istadenfor høg nok

Avrøysting:

Endringsframlegga frå Hovudutvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Innleiing:

Fylkesutvalet vil understreke at det er viktig å finne løysingar for anboda som gjer at fleire passasjerar ønskjer å nytte fly for transport til og frå fylket. Vi kan derfor ikkje stille oss bak ønsket som kjem fram i rapporten om at tal passasjerar skal reduserast. Vårt mål er at vi fortsatt skal ha eit aktuelt og attraktivt tilbod på rutenettet på alle våre fire flyplassar: Sogndal, Sandane, Førde og Florø. Flyplassane er livsnerven for vårt grisgrendte fylke, og samfunnsnyttan må også reknast inn i framtidige rapportar om struktur på flyplassar.

1. Ei kommersialisering av flyrutene i Sogn og Fjordane vil truleg medføre eit dårlegare flytilbod med færre avgangar og høgare billettprisar. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane vil difor ikkje tilrå ei kommersialisering av rutene mellom Sogn og Fjordane og Bergen/Oslo.
2. Fylkesutvalet tilrår at departementet gjev pålegg om forplikting til offentleg tenesteyting (FOT) og kjøper flyrutetenester etter anbodskonkurranse på alle ruter mellom Sogn og Fjordane og Oslo/Bergen med minst same krav til setekapasitet, frekvens, flystørrelse og ruteføring som i dag.
3. Fylkesutvalet kan ikkje akseptere at rutene mellom Førde og Bergen vert lagde ned og ber dessutan om at Samferdsledepartementet vurderer ei rute frå Bergen til Sogndal, Førde og Sandane på ettermiddag mellom kl. 16:00 og 17:00.

4. Setekapasiteten på morgonrutene til Oslo og ettermiddagsrutene frå Oslo må styrkast. For å få dette til er det ønskjeleg med fleire direkteruter Sogndal/Sandane og Oslo morgon og ettermiddag/kveld, som då kan gjere at ein får nattstasjonert fly i Sogndal også
5. Fylkesutvalet meiner maksimaltaksten på FOT-rutene er for høg slik som den er i dag og bør ikkje aukast ut over dagens nivå.

SAK 52/14 Omklassifisering fv. 57 Nishammaren

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. 250 meter gamal fylkesveg ved Sæternes og 450 meter gamal fylkesveg ved Nishammaren blir omklassifisert til kommunal veg fram til bom for vinterstengd gang- og sykkelveg.
2. Kommunen tek over ansvaret for veglenkene når avtalt arbeid er utført.
3. Endra kostnader som følgje av omklassifiseringa blir teke til vitande.

SAK 53/14 Omklassifisering/ending av fylkesveg 121 i Vik som følgje av utviding av Vik fengsel

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. 880 meter av dagens fylkesveg 121 i Vik sentrum vert omklassifisert til kommunal veg
2. 900 meter av dagens kommunale veg i Elvegata vert omklassifisert til fylkesveg 121
3. Omklassifiseringane vert gjort gjeldande når det er sett opp rekkverk langs Elvegata og gjort trafikkregulerande tiltak mellom Vange bru og kryss ved Vik fengsel

SAK 54/14 Skriv og meldingar, hovudutval for samferdsle 29.10.2014

- 1: Behov for betre regularitet på ferjesambandet over Fensfjorden
 - 2: Ferjesambandet på Fensfjorden
 - 3: Innspel vedrørande den generelle beredskapen i midtre Sogn
 - 4: E-post frå FIN – Høyringsuttale
- a): Høyringsuttale - flyanbod
-